

Informasjon til pasientar: Testing for resistente mikrobar ved innlegging i sjukehus eller sjukeheim

Kva er antimikrobiell resistens?

Bakteriar og sopp er mikrobar som kan forårsake infeksjonar hos menneske. Slike infeksjonar kan behandlast med medisinar, som til dømes antibiotika.

Nokre bakteriar og sopp har likevel utvikla motstandskraft mot desse medisinane. Då verkar ikkje behandlinga som ho skal. Dette blir kalla antimikrobiell resistens.

Kva er å vere berar av ein resistant bakterie eller sopp?

Alle menneske har bakteriar og sopp på og i kroppen heile tida, utan at desse gir sjukdom. Dette blir kalla normalfloraen vår. Normalfloraen er viktig for helsa vår.

Viss ein resistant bakterie eller sopp er ein del av normalfloraen utan at dei gjer deg sjuk eller gir ein infeksjon, blir det kalla å vere **berar** av den resistente bakterien eller soppen.

Kvifor vil sjukehuset eller sjukeheimen testa om du er berar av resistente bakteriar eller sopp?

Resistente mikrobar kan spreiaast lettare i sjukehus- og sjukeheimsmiljø enn elles i samfunnet. Pasientar på sjukehus og sjukeheimar kan også vere ekstra sårbare for infeksjon på grunn av andre sjukdommar. Sjølv om du berre er berar av ein resistant bakterie eller sopp, og denne ikkje gir sjukdom eller plagar hos deg, kan det smitte vidare til andre. Derfor er det viktig at helsepersonell veit om du er berar av resistente bakteriar eller sopp når du blir lagt inn på sjukehus eller sjukeheim. Då kan dei gjere tiltak som reduserer risikoen for at bakterien eller soppen blir spreidd til andre.

Korleis går testing føre seg for resistente mikrobar?

Om du har vore i ein situasjon som gjer at du kan ha vorte berar av resistente bakteriar eller sopp, ønskjer sjukehuset eller sjukeheimen å ta ein test for dette. Dette blir kalla screening. Prøvetakinga er enkel, tek kort tid og er ikkje farleg. Du får vanlegvis svar på prøva i løpet av nokre få dagar.

Kvar prøva blir teken frå, avheng av kva bakteriar eller sopp ein undersøker for. Det kan til dømes takast prøver frå nasen, halsen, huda i armhola eller lysken, underlivet og eventuelle sår. Det er også vanleg å ta prøve frå endetarmen eller ei avføringsprøve. Om du har urinkateter, kan det også takast ei urinprøve.

Kva skjer med svaret?

Viss prøva viser at du er berar av ein resistant mikrobe, vil du få informasjon om kva dette betyr for deg.

Smittevern er viktig – tusen takk for at du har forståing for dette!